
Saksnr: 2020/62649-4
Saksbehandlar: Matti Torgersen
Dato: 01.11.2020

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Bompengeutgreiing på Haugalandet - Orientering om oppstart og prosess

Bakgrunn

Haugalandspakka starta opp i 2008 og går fram til 1. juli 2023. I tillegg til kommunar i Rogaland, omfattar den også tiltak i Etne og Sveio kommunar i Vestland fylke.

Nye retningslinjer frå Samferdselsdepartementet frå 2019 gjer at det ikkje er mogleg å forlengje innkrevjingsperioden for porteføljestyrt bompengepakkar, slik Haugalandspakken er. Etter at pakka er avslutta, er det forventa at dei økonomiske ressursane til utvikling av vegnett, gang- og sykkelveggar og kollektivtransport vil vere avgrensa og ikkje tilstrekkeleg til å ta igjen vedlikehaldsetterslep og å møte utviklingsbehov i regionen. Delfinansering ved brukarbetaling har difor blitt sett på som naudsynt for å utvikle infrastrukturen vidare.

Det er utarbeida eit utkast til arbeidsprogram som følgjer som vedlegg til dette notatet.

Tidlegare vedtak

Fylkestinget i Rogaland vedtok i 2016 å starte opp arbeid med «*grunnlaget for en ny Haugalandspakke 2 som kan iverksettes etter 2023*», og i Regional plan for areal og transport på Haugalandet blei det vedteke at fylkeskommunane, staten og kommunane skal «*utforme transportpakke basert på strategier i regional plan og statlig konseptvalgutredning*». Fylkestinget i dåverande Hordaland vedtok planen i oktober 2016.

I 2019 vart kommunane på Haugalandet, inklusiv Sveio og Etne kommunar og Rogaland og dåverande Hordaland fylkeskommune inviterte til å gjere slikt vedtak:

1. *(Navn) kommune/fylkeskommune gir tilslutning til at kommunene, fylkeskommunene og Statens vegvesen starter arbeid med plangrunnlag og finansieringsopplegg for ny(e) samferdselspakke(r) på Haugalandet som skal løse samferdselsutfordringer i kommunen(e).*
2. *Videre brukarbetaling på Haugalandet etter at Haugalandspakken er avsluttet i 2023 fremmes i en by- og tettstedspakke, samt egne strekningsvise pakker for aktuelle strekninger på E134, E39 og Fv.47.»*

Fylkesutvalet i Hordaland vedtok 2.mai 2019 pkt 1, men ikkje punkt 2. Rogaland fylkeskommune og alle kommunane vedtok også punkt 2.

Vidare prosess

Det er no starta eit arbeid med ei bompengeutgreiing som skal klårgjere innretting av nye bompengepakker med prosjektportefølje, kostnader og inntektsgrunnlag, takstsystem og bompengebelasting mv. Fylkesrådmennene i Rogaland og Vestland har starta førebuingar til dette gjennom å utarbeide eit arbeidsprogram for prosessen fram til søknad til Stortinget. Arbeidsprogrammet følgjer vedlagt. Politisk styringsgruppe for Haugalandspakken er orientert om hovudinnhaldet, og framlegget vil bli lagt fram for diskusjon i november før sjølve arbeidet med utgreiinga startar opp.

Ei bompengeutgreiing er trinn tre i prosessen med etablering av nye bompengepakker.

Førehandsvurdering/moglegheitstudie (trinn 1) vart gjennomført 2017-18, då det blei lagt fram eit diskusjonsgrunnlag for styringsgruppa Haugalandspakken og etter dette ei prinsipp sak. Arbeidet med sjølve utgreiinga startar no hausten 2020, og er planlagt å gå fram til sommaren 2022. Etter dette må kommunane og fylkeskommunane ta endeleg stilling til om dei sluttar seg til bompengepakkene som er utgreidd. Om dei gjer det, blir bompengepakkane sendt til Samferdselsdepartementet for kvalitetssikring og endeleg handsaming i Stortinget.



Figur: Prosess for utredning og godkjenning av nye bompengepakker.

Sjølve bompengeutgreiinga er føreslått gjennomført i tre delar:

A. Arbeidsprogram: Det er laga eit eiga arbeidsprogram for å bidra til openheit og involvering. Den skildrar korleis den vidare utgreiinga skal gjennomførast, tema, problemstillingar, organisering, framdrift og medverknad

B. Strategiske val:

Når arbeidsprogrammet er klart, og før detaljplanlegginga startar, blir det lagt til rette for ein diskusjon om overordna rammer for dei nye bompengepakkane.

Føremålet er å leggje til rette for medverknad på strategisk nivå, forankre viktige val, greie ut ambisjonsnivå/ handlingsrom/gjennomførbarheit, og gje større tryggleik for den vidare politiske prosessen.

Det skal gjerast vurderingar om framtidig areal- og transportutvikling, bli føreslått geografisk avgrensing av nye pakkar, bli skissert grovmaska alternativ for prosjektinnhald/innretting og takstnivå, synleggjere usikkerheit og skildre miljø- og samfunnskonsekvensar. Når dei faglege utredningane er gjennomførte, gir kommunane hausten 2021 politisk innspel til strategisk innretting på nye bompengepakkar før fylkestinga gjer endeleg vedtak om strategival i desember 2021.



Figur: Bompengeutredningen deles i tre deler (3A-C) for å bidra til åpenheit og involvering.

C. Detaljert utforming og dokumentasjon:

Når rammene er avklara, blir dei valde bompengepakkane ytterlegare detaljerte, og det blir avgjort kva for større prosjekt som skal inngå. Nokre prosjekt blir planlagde og

kostnadsrekna meir detaljert, bompengesystem og takstar blir definert, finansiering blir gjennomgått og naudsynt dokumentasjon blir utarbeidd.

Når det gjeld organisering av arbeidet, blir det lagt opp til at fylkesrådmennene i Rogaland og Vestland koordinerer gjennomføring av faglege utgreiingar. Kommunar og statlege etatar blir informerte under vegs gjennom ei administrativ koordineringsgruppe og ei politisk referansegruppe, der alle kommunane på Haugalandet, Statens Vegvesen og Fylkesmannen i Rogaland er representerte. Enkeltkommunar blir involverte i arbeidet for konkrete område eller strekningar. Politiske organ blir involverte ved handsaming av strategival ved slutten av fase 3B, jf. over. Etter at bompengeutgreiinga er gjennomført, og framlegg til nye bompengar ligg føre, vil det vere opp til dei aktuelle kommunestyrane og fylkestinga å gjere politiske vedtak om å slutte seg til bompengepakane.

Det blir elles lagt opp til informasjon under vegs på fylkeskommunane sine websider, og det vil kunne bli arrangert informasjonsmøte for politikarar og andre ut i frå behov.

Fylkesdirektøren sine kommentarar

På Haugalandet dannar regional areal- og transportplan for Haugalandet og KVU for Haugesund eit felles strategisk grunnlag, men det er ikkje definert kva for strekningar eller tiltak som skal kunne finansierast gjennom bompengar. Det er difor behov for eit godt fagleg grunnlag.

Ein brei prosess er vurdert som avgjerande for lokal tilslutnad. Fylkeskommunane står som «oppdragsgjevar» for bompengeutgreiinga, og står ansvarlege for utgreiing og faglege tilrådingar. Det kan oppstå usemje mellom kommunane og mellom statlege etatar, og det er lagt opp til at fylkeskommunane står for endeleg vedtak om strategival etter at kommunane har uttalt seg før nye bompengepakkar blir vurderte i detalj. Etter at bompengeutgreiinga er ferdig, er det opp til kommunestyra og fylkestinga å ta endeleg stilling til om det skal søkjast om bompengepakkar.

Framdrifta tek utgangspunkt i at nye bompengepakkar skal kunne setjast i gong når gjeldande Haugalandspakke blir avslutta i 2023. Dette er ein stram framdriftsplan, men det er likevel lagt opp til rom for lokal handsaming.

Det er som nemnt i vedtaket som grunnlaget for arbeidet (sjå foran) peikt både på behovet for ei bompengepakke for Haugesund, for strekningsvise pakker på fv. 47/547 gjennom Sveio og Karmøy, samt på strekningsvise pakkar på E39 og E134. Ny Nasjonal transportplan 2022-2033 vil gje føringar for riksvegstrekingane. Den vidare prosessen må avgjere m.a. om ei eventuell bypakke for Haugesund vil omfatte delar av Sveio. Eventuelt kan det bli aktuelt med ei strekningspakke for fv. 47 gjennom delar av Haugesund og Sveio, og det kan vurderast om andre delar av Sveio bør bli omfatta av ei slik pakke. Elles kan det etter kvart bli aktuelt med delvis bompengefinansiering av riksvegprosjektet E134 Solheim-Bakka som går gjennom kommunane Etne og Vindafjord.

Det er også lagt vekt på at samla bombelasting i området skal vurderast, og også om det skal vere former for samordning om det blir fleire bompengepakkar, som t.d. felles timesregel og passeringstak.

Som det går fram ovanfor, gjorde fylkestinget i dåverande Hordaland fylkeskommune vedtak om å starte arbeid med å utgreie plangrunnlag og finansieringsløysingar, men gjorde ikkje vedtak om punkt 2 om brukarbetaling. Fylkesdirektøren har likevel funne grunnlag for å delta i arbeidet med utgreiing av moglege bompengepakkar, då både Sveio og Etne kommunar og dei andre kommunane i området har gitt sin tilslutnad.

Fylkesdirektøren ser ut i frå fylkeskommunen si finansielle situasjon heller ikkje at det er mogleg å finansiere større utbetringar av vegnettet i området utan gjennom delvis brukarfinansiering. Det er lagt opp til å vurdere vidare deltaking i arbeidet både ved handsaming av sak om strategiske val i desember 2021, og vurdere endeleg tilslutnad til bompengepakkar i 2022.